

Hyllestad kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 11.12.2014

Møtetid:

Kl. 10:00 – 11:10

Møtestad: Hyllestad kommunehus,
formannskapssalen

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Håkon S Giil, leiar	X		
2	Sylvia Helms, nesteliar	X		
3	Stein Arne Solheim	X		
4	Øyvind Høie		X	Meldt forfall
5	Reidun Skår	X		
	Varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Monica Ekreskar		X	Meldt forfall
2	Per Egil Aske		x	Meldt forfall
Andre som møtte				
	SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim			
	KRYSS Revisjon ved Stig Årdal i sak 25 og 28			
	Rådmann Bente Nesse			

Sak nr.	Sakstittel
025/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
026/14	Skriv og meldingar til møte 11.12.14
027/14	Reglement for kontrollutvalet
028/14	Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving innan tekniske tenester - prosjektplan
029/14	Oppfølgingsliste 4 - 2014
030/14	Eventuelt

Underskrifter:

Håkon S Giil, leiar

Sylvia Helms

Stein Arne Solheim

Reidun Skår

Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

025/14: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

Sak 28 vert handsama mellom sak 25 og 26.

HYL-025/14 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

...

026/14: Skriv og meldingar til møte 11.12.14

Møteplan:

SEKOM-sekretariat gjer framlegg om møte den 10.2.2015. Vi vil lage eit samla framlegg til møteplan 2015 for dei 15 kommunane vi yter tenester for.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

Utdelt i møtet:

Brev datert 8.12.14 frå Hyllestad sokneråd om kommunen sitt finansieringsansvar for Hyllestad sokneråd. Brevet var også utsendt pr e-post 2 dagar før møtet. Før kontrollutvalet handsamar spørsmåla frå kyrkjeverje Fløde i skriv datert 8.12., vert brevet førelagt rådmannen for uttale.

Reglement for høyring:

Før kontrollutvalet gjer vedtak om mogeleg innføring av høyringar og reglement for høyringar vert saka førelagt rådmannen for uttale.

Møteplan 2015:

Første møte i 2015 vert 10. februar 2015.

HYL-026/14 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

...

027/14: Reglement for kontrollutvalet

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

Framlegg til reglement for Hyllestad kontrollutval datert 18.9.14, vert vedteke.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 26.09.2014:

Leiaren delte ut alternativ framlegg til § 1. Dette vart ikkje formelt fremja som framlegg i dette møtet.

Framlegg frå leiaren:

Før kontrollutvalet gjer vedtak, vert saka førelagd rådmannen for uttale.

Samrøystes som framlegg frå leiaren.

HYL-021/14 Vedtak:

Før kontrollutvalet gjer vedtak, vert saka førelagd rådmannen for uttale.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

- 1) Leiaren gjorde framlegg om det alternative framlegget til § 1, framsett av Håkon Giil:

§ 1 Føremålet til kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyret føre laupande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga. Dette medfører mellom anna at ein skal sjå til at organisasjonen, saksførebuinga og avgjerdsprosessen i dei politiske organa og organisasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfyljing av alle faglege krav og ivaretek grunnleggjande ettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som vedtaka vedkjem. Kontrollutvalet ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og syter for at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og

selskapskontroll. Kontrollutvalet skal fungere som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

- 2) Leiaren gjorde framlegg om at § 2, første setning skal lyde: Kontrollutvalet skal ha 3 medlemar.
- 3) Kontrollutvalet legg til grunn at endringar i talet på medlemar i kontrollutvalet vert gjort gjeldande med verknad frå komande val.

Tilråding med tilleggsframlegg frå leiaren vart samrøystes vedteke.

HYL-027/14 Vedtak:

- 1) Leiaren gjorde framlegg om det alternative framlegget til § 1, framsett av Håkon Giil:

§ 1 Føremålet til kontrollutvalet

Kontrollutvalet skal på vegner av kommunestyret føre laupande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga. Dette medfører mellom anna at ein skal sjå til at organisasjonen, saksførebuinga og avgjerdsprosessen i dei politiske organa og organisasjonen fungerer på ein måte som garanterer oppfyljing av alle faglege krav og ivaretek grunnleggjande ettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som vedtaka vedkjem. Kontrollutvalet ser til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning og syter for at det vert utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollutvalet skal fungere som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

- 2) Leiaren gjorde framlegg om at § 2, første setning skal lyde: Kontrollutvalet skal ha 3 medlemar.
- 3) Kontrollutvalet legg til grunn at endringar i talet på medlemar i kontrollutvalet vert gjort gjeldande med verknad frå komande val.

...

028/14: Forvaltningsrevisjon: Sakshandsaming, vedtak og svargjeving innan tekniske tenester - prosjektplan

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Framlegg til prosjektplan datert 10.11.14, vert godkjent.

...

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

Saka vart handsama mellom sak 25 og 26.

Stig Årdal frå KRYSS Revisjon informerte om prosjektet.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

HYL-028/14 Vedtak:

Framlegg til prosjektplan datert 10.11.14, vert godkjent.

...

029/14: Oppfølgingsliste 4 - 2014

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

HYL-029/14 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

...

030/14: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Hyllestad kontrollutval 11.12.2014:

Ingen saker under eventuelt.

HYL-030/14 Vedtak:

...